



**Supplerande undersøkingar av ein del potensielle
slåttemarkslokalitetar i Rauma kommune i Møre og
Romsdal Fylke**

Bioreg AS rapport 2013: 12

BIOREG AS

Rapport 2013:12

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-241-9
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Kjell Lyse	Dato: 09.10.2013
Referanse:		
Folden, Ø., Lien Langmo, S. H. & Oldervik, F. G. 2013. Supplerande undersøkingar av ein del potensielle slåttemarkslokalitetar i Rauma kommune i Møre og Romsdal Fylke. Bioreg AS rapport 2013 : 12. ISBN; 978-82-8215-241-9.		
Referat: Rapporten gjer greie for dei naturfaglege undersøkingane som vart gjort på utvalde lokalitetar i Rauma kommune sommaren 2013 med tanke på at det seinare skal verta laga skjøtselsplanar for dei lokalitetane som var av verdi; Svært viktig og Viktig. Rapporten inneholder lokalitetsskildringar for dei lokalitetane som har tilstrekkeleg verdi.		
4 emneord: Biologisk mangfold Registrering Slåttemark Skjøtselsplanar		

Figur 1. Foto; Biletet viser det ganske autentiske setermiljøet på Berillstølen. Både husa og stølen elles er beundringsverdig godt tatt vare på. Biletet er teke frå austre kanten av den avgrensa slåttemarkslokaliteten på Berillstølen. (Foto; Øystein Folden © 04.07.2013).

FØREORD

Det har kome ynskje frå ymse brukarar i Rauma kommune om å få ein del enger vurdert i høve den prioriterte naturtypen, slåttemark. I samband med dette fekk Bioreg AS oppdraget med å sjekka dei aktuelle engene for biologisk mangfald, samt vurdera kor vidt nokre av dei var aktuelle for utarbeiding av skjøtselsplan. Med grunnlag i dei naturfaglege undersøkingane har det også vorte laga naturtypeskildringar for Naturbase. Seinare skal så lokalitetsskildringane nyttast som grunnlag for å laga skjøtselsplanar, slik at dei i framtida kan haldast i hevd på ein måte som er optimal for naturverdiane på dei ulike lokalitetane. Det er hovudsakleg desse denne korte rapporten innehold.

Før vi starta opp prosjektet vart alle dei aktuelle brukarane kontakta og dato vart avtala. Undersøkingane vart utført den 3. til 5. juli 2013 og vi møtte alle brukarane, bortsett frå ein. Vi har også vore i telefonisk kontakt med dei aktuelle personane både før og etter undersøkinga.

I samband med ei anna kartlegging av slåttemarkar i Rauma i 2013, vart 5 lokalitetar oppsøkt og vurdert å vera av B-verdi eller høgre, samt at ein lokalitet vart fjerna då den ikkje lengre oppfylde krava for å kunne klassifiserast som slåttemark. Samstundes vart eit anna areal undersøkt ved ei misforståing. Heller ikkje dette oppfylde krava for å kunne klassifiserast som slåttemark.

Vi vil med dette takka brukarane for 9 gode orienteringar om noverande og historisk bruk av dei einskilde lokalitetane, samt Fylkesmannen v/Kjell Lyse for oppdraget.

Aure/Tingvoll/Rissa 10.10.2013

Finn Oldervik
Bioreg AS

Øystein Folden
Folden grønt og plan (for Bioreg AS)

Solfrid Helene Lien Langmo
Bioreg AS

Innhald

Slåttemarkslokalitetar i Rauma kommune klargjort for Naturbase, undersøkt for biologisk mangfald den 3. til 5. juli 2013.....	5
Innleiing.....	5
Metode.....	5
Dei ulike slåttemarkslokalitetane av verdi viktig eller svært viktig.....	5
Lok. nr. 1; Staksenga.....	5
Lok. nr. 2; Fremmer-Brøstet, Kornkvea.....	9
Lok. nr. 3; Sjugurgarden, Jonaslykkja	12
Lok. nr. 4; Sjugurgarden aust.....	15
Lok. nr. 5; Berillstølen.....	18
Naturbase-nummer: BN00001730.....	18
Kjelder:	23
Litteratur:	23
Kjelder frå Internett.....	23
Munnlege kjelder:	23

Slåttemarkslokalitetar i Rauma kommune klargjort for Naturbase, undersøkt for biologisk mangfald den 3. til 5. juli 2013.

Innleiing

Dei naturfaglege undersøkingane i Rauma vart utført på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ Kjell Lyse. Det var Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo som utførte oppdraget for Bioreg AS. Målet med undersøkinga var å avdekkja kor vidt ein del enger i Rauma kunne defineraast som slåttemark ut frå kravet som er nærmere fastsett for denne naturtypen i DN handbok 13 (under revisjon). Det var dei einskilde brukarane som hadde kome med ynskje om slike undersøkingar og som peika ut dei engene som dei meinte kunne svara til definisjonen. Det var i alt 4 brukarar som hadde meldt si interesse for slike undersøkingar, nemleg Odd Blakset, brukar av Stakseng (gnr 82 bnr 5), Lars Fransplass brukar av Fremmer-Brøstet (gnr 82 bnr 3) og Sjugurgarden (gnr 82 bnr 4) og Leni Langdal, brukar av Berillstølen (gnr 100 bnr 2).

Lokaliteten Sletta Søndre hos Kristian Slettali (gnr. 85, bnr 6) som i 2005 var registrert som slåttemark med verdi Lokalt viktig – C, vart ved dei same undersøkingane vurdert, og funne for sterkt oppgjødsla til å oppfylle krava til slåttemark. Også eit område på Slettafjellsetrene eigd av same brukar, vart vurdert, utan at vi fann at lokaliteten fylte krava til slåttemark, då også denne var for sterkt gjødsla.

Metode

Undersøkingane er basert på intervju med brukarar/eigarar for å få greie på lokalisering samt noko historikk om dei aktuelle slåttemarkane. Alle lokalitetane er oppsøkt og det er teke opp artslister på dei lokalitetane som vi meinte hadde potensial for å kunne verta definert som den utvalde naturtypen; Slåttemark. Artslistene er lagt inn i Artsdatabankens Artsobservasjonar. Til avgrensning av lokalitetane, og registrering av interessante funn vart det nytta GPS saman med flyfoto.

Dei ulike slåttemarkslokalitetane av verdi viktig eller svært viktig.

Lok. nr. 1; Staksenga

Naturbase-nummer: BN00001795

Posisjon: N 6904539 A 452571 (UTM 32N)

Høgde over havet: 700-730 m

Areal: 18,4 dekar

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (D01)

Utforming: Svak lågurtslåtteeng (D0115), lågurtslåtteeng (D0116) og mindre innslag av lågurt slåttefukteng (D0119) og slåttevateng (D0121).

Verdi: **Svært viktig – A.**

Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, gjødsling, ploying.

Undersøkt/kjelder: Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1999 og Jordal, J. B. & Stueflotten, S., 2004 og eigar og brukar Odd Blakset.

Siste feltsjekk: 04.07.2013 av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Solfrid Helene Lien Langmo 09.08.2013, basert på feltarbeid 04.07.2013 utført av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg framme i Brøstdalen, nord for Ulvåa i eit slakare parti med mykje dyrkamark ved foten av Brøstkampen. På nedsida grensar lokaliteten delvis til meir næringsrik dyrkamark og til tunet og på dei andre sidene står det lauvskog, i all hovudsak bjørk og noko osp. Området ligg i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone og i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1) og overgangsseksjon (OC). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark (D01). Undertypane er svak lågurtslattedeeng (D0115), lågurtslattedeeng (D0116) og mindre innslag av lågurt slåttefukteng (D0119) og slåttevateng (D0121).

Artsmangfald

Mellom anna vart artar som flekkmure, fuglevikke, grønkurle, gulaks, kvitbladtistel, kvitkurle (**NT**), marinøkkel, nyresoleie, prestekrage, raudkløver, raud jonsokblom, skarmarikåpe og slirestarr påvist i 2013. Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Ved undersøking i år 2000 var lokaliteten i gjengroing. Denne er no stogga, og skjøtselen er teken opp att. Lokaliteten har dei siste åra vore slått, og avlinga fjerna. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lauvskog. Noko har vore hogd dei seinare åra. Areala har nok aldri vore særleg mykje gjødsla. Tidlegare er det truleg brukt traktor her, men i det seinare berre lette reiskapar som tojhjuls slåmaskin. Slåtten vert gjort om lag 10. juli.

Framande artar

Ingen

Kulturminne

Det er ei rydningsrøys på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan aksepterast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt. Hogst langs kantane med same omfang som i dag er tilstrekkeleg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytaast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd nokre hytter i dei seinare åra. I området ligg fleire gardar som framleis er i drift, men mykje av det opphavelege beitelandskapet har grodd att. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjaving for verdisetting

Lokaliteten som er relativt stor, er restaurert frå slåttemark i gjengroing til slåttemark med god hevd. Skjøtselen er bortimot optimal. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarksstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar samt ein raudlisteart på lokaliteten. Verdien blir sett til **Svært viktig – A**.

Merknad



Figur 2. Lok. nr. 1, Staksenga; Biletet viser området i aust som vart inkludert i lokaliteten ved dei naturfaglege undersøkingane i 2013. Som ein ser har også vegetasjonen her fin slåttemarksstruktur (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 04.07.2013).



Figur 3. Lok. nr. 1, Staksenga; Biletet viser utsnitt av lokaliteten i vest (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 04.07.2013).



Figur 4. Lok. nr. 1, Staksenga; Biletet viser ein del av enga rett ovanfor våningshuset (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 04.07.2013).



Figur 5. Lokalitet nr. 1, Staksenga er avgrensa med raudt og er den nye slåttemarkslokaliteten, medan den grøne avgrensinga markerer den gamle lokaliteten.

Lok. nr. 2; Fremmer-Brøstet, Kornkvea

Naturbase-nummer: NY

Posisjon: N 6904667 A 451984 (UTM 32N)

Høgde over havet: 710-730 m

Areal: 3,9 dekar

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (D01)

Utforming: Svak lågurtslåtteeng (D0115), lågurtslåtteeng (D0116).

Verdi: Viktig – B.

Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, gjødsling, sprøyting, pløying.

Undersøkt/kjelder: Grunneigar Lars Fransplass

Siste feltsjekk: 05.07.2013 av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Solfrid Helene Lien Langmo 16.08.2013, basert på feltarbeid 05.07.2013 utført av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg framme i Brøstdalen, nord for Ulvåa i eit slakare parti med mykje dyrkamark ved foten av Brøstkampen. På nedsida grensar lokaliteten delvis til meir næringsrik dyrkamark. På dei andre sidene veks det lauvskog, i all hovudsak bjørk og noko osp. Området ligg i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone og i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1) og overgangsseksjon (OC). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark (D01). Utformingane er svak lågurtslåtteeng (D0115) og lågurtslåtteeng (D0116).

Artsmangfold

Fjellmarinøkkel, fuglevikke, bakkesoleie, gulaks, kvitbladtistel, brudespore, marinøkkel, prestekrage, raudkløver, blåklokke, grannmarikåpe, småengkall, skarmarikåpe, sauesvingel. Potensialet for beitemarksopp er til stades, særleg i dei øvre delane av lokaliteten.

Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten kan delast inn i tre delar med ulik historie. Den nedre delen er pløgd rundt 1990, om lag halve lokaliteten er pløgd rundt 1975 og øvre del også pløgd, men dette ligg lenger tilbake i tid. Graset vert slått og tørka på marka, før det vert raka ned i botnen av bakken og køyrt bort.

På den øvre delen var det stadvis rikt med marinøkkel. Den midtre delen kan nok reknast som gammaleng, og vil med dagens skjøtsel kunne få kvalitetsauke dei nærmaste åra. Den nedste delen har ikkje dei same kvalitetane, men er drive saman med resten, og vert påverka på same måte som midtpartiet, slik at også denne delen vil få ein kvalitetsauke med tida.

Lokaliteten var noko gjødsla fram til om lag år 2000, og den nedste delen vart fram til da slått med traktor. Etter 2006 er heile arealet slått alle år unntatt eit, med tohjulsslåmaskin. Lokaliteten er vårbeita med sau dei to siste vekene av mai, samt at den er haustbeita. Slåtten finn stad i første halvdel av august, aldri før 1. august.

Framande artar

Ingen

Kulturminne

Det finst enkelte mindre rydningsrøyser i kantane rundt lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan aksepterast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt. Ein del rydding langs kantane må pårekna. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. I området ligg fleire

gardar som framleis er i drift, men mykje av det opphavelege beitelandskapet har grodd att. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Lokaliteten er til dels slåttemark og til dels restaureringsareal med god hevd. Skjøtselen er no bortimot optimal. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Om ein skulle delt lokaliteten i to, ville den øvste delen fått A-verdi, medan den nedste delen ville fått C-verdi. På grunn av at heile arealet no er skjøtta som slåttemark, og at restaureringspotensialet er stort også nedst, vurderer ein verdien av heile lokaliteten som [Viktig – B.](#)

Merknad



Figur 6. Lokalitet nr. 2; Fremmer-Brøstet, Kornkvea. Her ser ein det meste av lokaliteten. Biletet er teke frå sørvest mot nordaust, og fotografen står i det nedre sørvestre hjørnet av lokaliteten. Her ser ein tydeleg skilnaden i vegetasjon i den nedre og den øvre delen av lokaliteten (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 04.07.2013).



Figur 7. Lokalitet nr. 2; Fremmer-Brøstet, Kornkvea. Lokaliteten er markert med raudt (Kartet er henta frå GisLink).



Figur 8. Lokalitet nr. 2; Fremmer-Brøstet, kornkvea. Her ser ein omtrent kvar dei ulike pløyekantane på stykket er plassert. Den blå lina markerer pløyekanten frå om lag 1990 medan den gule lina markerer om kor langt opp lokaliteten var pløgd rundt 1975. (Kartet er henta frå GisLink).

Lok. nr. 3; Sjugurgarden, Jonaslykkja

Naturbase-nummer: NY

Posisjon: N 6904836 A 451533 (UTM 32N)

Høgde over havet: 735-755 m

Areal: 1,8 dekar

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (D01)

Utforming: Svak lågurtslåtteeng (D0115), kulturmarksrye, lågurt slåttefukteng (D0119)

Verdi: [Viktig – B.](#)

Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, gjødsling, sprøyting, pløying.

Undersøkt/kjelder: Grunneigar Lars Fransplass

Siste feltsjekk: 05.07.2013 av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skiven av Solfrid Helene Lien Langmo 16.08.2013, basert på feltarbeid 05.07.2013 utført av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg framme i Brøstdalen, nord for Ulvåa i eit slakare parti med mykje dyrkamark ved foten av Brøstkampen. Lokaliteten grensar til lauvskog på alle sider, mest bjørk. Området ligg i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone og i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1) og overgangsseksjon (OC). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark (D01). Utforminga er i all hovudsak svak lågurtslåtteeng (D0115), med eit lite område øvst som ligg tett opp til kulturmarksrye og eit lite område nedst som ligg tett opp til lågurt slåttefukteng (D0119), truleg på grunn av jordpakking.

Artsmangfold

Engnellik, dunkjempe, finnskjegg, fuglevikke, gulaks, bergveronika, skogstorkenebb, marinøkkel, prestekrage, raudkløver, blåklokke, småengkall, skarmarikåpe, finnskjegg, fjellmarinøkkel, hårvæve, flekkmure, stormaure. Potensialet for beitemarksopp er til stades på det meste av lokaliteten. Funn av finskjela raudspore *Entoloma scabrosum*.

Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har lenge vore gjerda inn saman med beiteskogen i området, og var beita av kyr fram til om lag år 2000. Etter den tid er det beita med sau. Den er vårbeita frå slutten av mai og ut juni. Vi har ikkje funne ut av den tidlege brukshistoria. Det er sannsynleg, ut frå den jamne strukturen, at arealet har vore dyrka som åker for lang tid sidan, og har ein lengre periode som slåttemark. Arealet har berre vore beita så langt tilbake som noverande bruker veit av. Det er lite truleg at det nokon gong har vore gjødsla her anna enn med noko husdyrgjødsel.

Framande artar

Ingen

Kulturminne

Tufter av eit hus øvst i lokaliteten. Den gamle hestevegen gjennom området går i nedkant av lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan aksepterast, men det er best om det berre er haustbeite. I dette tilfellet bør ein stramme inn på vårbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt. Ein del rydding langs kantane samt inne på lokaliteten må pårekna. Areala må ikkje gjødslast, sprøyta eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. I området ligg fleire gardar som framleis er i drift, men mykje av det opphavelege beitelandskapet har grodd att. Jordbruksareal har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om det er lenge sidan at dette arealet har vore slått, ser det langt på veg ut som eit slåtteareal i relativt god hevd. Perioden med vårbeite har vore for lang, men det er likevel store verdiar igjen. Ein ser ikkje særleg teikn til gjengroing utover noko bjørk. Lokaliteten er følgjeleg delvis eit restaureringsareal. Det er lite eller ikkje gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det meste av lokaliteten ligg innanfor grensene til Romsdalen landskapsvernområde. Sjølv om heile arealet no er skjøtta som beitemark, vel ein å vurdere dette som slåttemark då det på den måten er enklast å ta vare på dei verdiane som finst her. Ut frå dette vurderer vi verdien av lokaliteten som; [Viktig – B.](#)

Merknad



Figur 9. Lokalitet nr. 3; Sjugurgarden; Jonaslykkja. Her ser ein det meste av lokaliteten. Biletet er teke frå søraustre hjørnet av lokaliteten. I framkant ser ein noko av vegetasjonen som er meir fuktprega, i den gamle hestevegen gjennom området. (Foto: Øystein Folden © 05.07.2013).



Figur 10. Lokalitet nr. 3; Sjugurgarden; Jonaslykkja. Lokaliteten er markert med raudt. I vest ser ein lokaliteten Sjugurgarden som allereie ligg i Naturbase. Dette er ei naturbeitemark med verdi svært viktig - A (Kartet er henta frå GisLink).

Lok. nr. 4; Sjugurgarden aust

Naturbase-nummer: NY

Posisjon: N 6904820 A 451619 (UTM 32N)

Høgde over havet: 745-755 m

Areal: 1,4 dekar

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (D01)

Utforming: Svak lågurtslåtteeng (D0115).

Verdi: **Viktig – B.**

Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, gjødsling, sprøyting, pløyning.

Undersøkt/kjelder: Grunneigar Lars Fransplass

Siste feltsjekk: 05.07.2013 av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skiven av Solfrid Helene Lien Langmo 16.08.2013, basert på feltarbeid 05.07.2013 utført av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg framme i Brøstdalen, nord for Ulvåa i eit slakare parti med mykje dyrkamark ved foten av Brøstkampen. Lokaliteten grensar til sterke gjødsla innmark i nerkant, og for det meste elles til lauvskog, mest bjørk, samt til ei hytte. Området ligg i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone og i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1) og overgangsseksjon (OC). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark (D01). Utforminga er i all hovudsak Svak lågurtslåtteeng (D0115).

Artsmangfold

Engnellik, dunkjempe, knegras, fuglevikke, gulaks, marinøkkel, rødkløver, bergveronika, blåklokke, småengkall, nyremarikåpe, fjellmarinøkkel, hårvæve, aurikkelsvæve, flekkmure og stormaure. Potensialet for beitemarksopp er til stades på det meste av lokaliteten. Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten var beita av kyr fram til om lag år 2000, og var slått med forhaustar eit par gongar på 1980-90-talet. Den er vårbeita frå slutten av mai og ut juni, samt om hausten, og er ikkje slått no. Den ber lite preg av å vere gjødsla. Ein kraftig pløyekant nedst i lokaliteten.

Framande artar

Ingen

Kulturminne

Ingen

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan aksepteras, men det er best om det berre er haustbeite. I dette tilfellet bør ein stramme inn på vårbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt. Noko rydding langs kantane, spesielt i sør og aust må pårekna. Areala må ikkje gjødslast, sprøyta eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. I området ligg fleire gardar som framleis er i drift, men mykje av det opphavelege beitelandskapet har grodd att. Området nedanfor lokaliteten utgjer ei fin naturbeitemark. Jordbruksmarken har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Lokaliteten må reknast som eit restaureringsareal som er i ganske god hevd. Men skjøtselen er likevel feil om dette skal framstå som ei slåttemark, då ho no berre er beita, ikkje slått. Perioden med vårbete er også alt for lang. Det er lite gjødsla og mykje av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. På grunn av at restaureringspotensialet er stort, vurderer ein verdien av lokaliteten som; **Viktig – B.**

Merknad



Figur 11. Lokalitet nr. 4; Sjugurgarden aust. På biletet er det berre litt areal i framkant som hører til lokaliteten, men tilstanden er representativ for store delar av arealet. Husa på Fremmer-Brøste i bakgrunnen. (Foto: Øystein Folden © 05.07.2013).



Figur 12. Lokalitet nr. 4; Sjugurgarden aust. Lokaliteten er markert med raudt (Kartet er henta fra GisLink).

Lok. nr. 5; Berillstølen

Naturbase-nummer: BN00001730

Posisjon: N 6924210 A 419500 (UTM 32N)

Høgde over havet: 375 m

Areal: 9,5 dekar

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark D01

Utforming: Svak lågurt-slåtteeng D0115, lågurt-slåtteeng D0116 og mindre innslag av lågurt- slåttefukteng D0119 og slåttevåteng D0121

Verdi: **Svært viktig – A.**

Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, gjødsling, pløyning.

Undersøkt/kjelder: Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1999 og Jordal, J. B. & Stueflotten, S., 2004. Ein av eigarane/ brukarane: Ragnhild Berild 2013.

Siste feltsjekk: 03.07.2013 av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 03.10.2013, basert på feltarbeid 03.07.2013 utført av Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har tidlegare vore vurdert som naturbeitemark, men arealet er for ein stor del slått og blir no omvurdert til slåttemark.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg ved foten av Gamlestølslia ved søraustenden av Berillvatnet i Innfjordfjellet, sørvest for Innfjorden. På nordsida grenser lokaliteten til Berillvatnet, mot aust er det eng som er meir

oppgjødsla, mot sør lauvskog, i hovudsak bjørk og mot vest naturbeitemark som ikkje er nærmere vurdert. Grensa mellom husa og vatnet på austsida er noko skjønsmessig plassert.

Området ligg i overgangen mellom sørboreal og mellomboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige, men vel så viktig er eit truleg tjukt morenelag (NGU). Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark (D01). Undertypane er svak lågurtslåtteeng D0115 på dei høgaste partia og på oversida av seterhusa, lågurtslåtteeng D0116 på mesteparten elles og mindre innslag av lågurtslåttefukteng D0119 og slåttevåteng D0121 mot vatnet. Jordal nemner sølvbunkeeng (G3) nedanfor husa og noko magrare eng med litt sølvbunke og en del finnskjegg, engkvein, gulaks og småengkall (G4) på oversida. Som følgje av slått også på nedsida dei seinare åra ser ein ikkje så mykje til sølvbunken lenger. Rett ned for husa kan ein legge merke til ei stripe med slåttefukteng der den gamle setervegen gjekk.

Artsmangfold

Aurikkelsvæve, bekkeblom, blåklokke, bråtestorr, engkarse, evjesoleie, gulaks, harerug, kattefot, lækjeveronika, mjødurt, myrhatt, perlevintergrøn, rabarbra, raudkløver, ryllik, skogstjerneblom, skogstorkenebb, slirestarr og småengkall. Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no. Jordal har 15.06.2001 også funne fjellmarinøkkel og marinøkkel.

Frå tidlegare nemner Jordal 13 grasmarkssopp, av desse 7 beitemarkssopp (11 artspoeng). Det mest interessante var funnet av fiolett greinkøllesopp (Clavaria zollingeri), (**VU**).

Potensialet for fleire raudlisteartar av beitemarksopp vert framleis vurdert som godt.

Bruk, tilstand og påverknad

Det har tidlegare vore seterdrift med kyr her. Fram til 2000 har det vore gjødsla litt mellom husa og vatnet, med kunstgjødsel om våren og husdyrgjødsel om hausten (Landbrukskontoret). På nedsida har det vore ein periode det har vore beita, men dei siste åra er det slått på den vestre delen, mellom husa og vegen har det vore slått heile tida. Slåtten har brukt å vere i august, litt etter veret, og graset blir tørka på bakken. Det blir køyrt med traktor for å hente avlinga. Berillvatnet er noko regulert.

Framande artar

Rabarbra, engkarse.

Kulturminne

Seterhusa er det viktigaste kulturminnet her. Rett ned for seterhusa går den gamle setervegen, Råkjet.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere

aktuelt. Det er litt behov for hogst langs kantane heilt i nordaust av lokaliteten. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

Det dreier seg om ei bygningsmessig bortimot intakt setergrend, og kulturmarka gir også eit førsteinntrykk av det same. Jordbruket har elles vore i endring, så ein ser også her gjengroingstendensane.

Grunngjeving for verdisetting

Lokaliteten har tidlegare vore verdisett som naturbeitemark til verdi Svært viktig - A. Lokaliteten har ein viss storleik og hevdstilstanden er ganske god for mesteparten av arealet, noko som i seg sjølv peiker mot same verdi også som slåttemark. Ein art raudlista som VU må også reknast med, og verdien blir sett til **Svært viktig – A**.



Figur 13. Den gamle naturtype lokaliteten er markert med grønt, den nye slåttemarkslokaliteten er avgrensa med tjukk raud strek. (Kart frå Gislink).



Figur 14. Lokalitet nr. 5; Berillstølen. Arealet mellom vegen og husa, sett frå vest. Dette området er i svært god hevd. (Foto: Øystein Folden © 03.07.2013).



Figur 15. Lokalitet nr. 5; Berillstølen. Dei austre areaala mellom vegen og husa. Det var mykje spor etter isbrann. (Foto: Øystein Folden © 03.07.2013).



Figur 16. Lokalitet nr. 5; Berillstølen. Midtre del av området mellom husa og vatnet. Steinen som stikk opp til høgre er i teiggrensa. (Foto: Øystein Folden © 03.07.2013).



Figur 17. Lokalitet nr. 5; Berillstølen. Lågurtslåttefukteng der den gamle setervegen har gått mellom husa. Truleg er det langvarig jordpakking som har gjort at dette området er ulikt areala rundt. (Foto: Øystein Folden © 03.07.2013).

Kjelder:

Litteratur:

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004. Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Kjelder frå Internett

Dato	Nettstad
03.10.13	Miljødirektoratet, Naturbase
03.10.13	Artsdatabanken, Raudlista, Artskart og NiN

Munnlege kjelder:

Odd Vilfred Blakseth (brukar av Stakseng) Tlf. 992 05 556. Kristines gate 16, 6300 Åndalsnes

Lars Fransplass (brukar av Fremmer-Brøstet og Sjugurgarden), 6330 Verma, Telefon: 71 22 88 13

Leni Langdal (brukar av Berillstølen), Berild, 6315 Innfjorden, Telefon: 71 22 81 86

